



Førde kommune



Årsmelding Førde kommune 2012

Førde kommune – Ei drivkraft med menneska i sentrum

www.forde.kommune.no



Innhald

1	Innleiing	3
2	Økonomisk oversyn.....	4
2.1	Driftsresultat	4
2.2	Driftsinntekter.....	6
2.3	Driftsutgifter	7
2.4	Budsjettavvik	8
2.4.1	Budsjettavvik totalt	8
2.4.2	Budsjettavvik pr. eining	9
2.5	Resultatvurderingar	11
2.5.1	Driftsresultat og nivå.....	11
2.5.2	Finanspostar	12
2.6	Gjeld	13
2.7	Investeringar	14
2.8	Finansplasseringar	15
2.8.1	Bakgrunn	15
2.8.2	Avkastning	15
2.8.3	Akkumulert avkastning	16
2.8.4	Rammer og risiko	16
2.8.5	Framover	16
2.9	Eigenkapital og likviditet.....	17
2.9.1	Disponibel kapital	17
2.9.2	Bufferfondet	17
2.9.3	Likviditet	18
2.10	Overordna Kostra-tal	19
2.11	Hovudoversikter.....	20
2.11.1	Rekneskapsskjema 1A - Driftsrekneskapen.....	20
2.11.2	Rekneskapsskjema 2A – Investeringsrekneskapen	20
2.11.3	Balanserekneskapen	21
2.11.4	Økonomisk oversikt drift	22
2.11.5	Økonomisk oversikt investering.....	23
3	Likestilling	24
3.1	Kjønnsfordeling i kommunen.....	24
3.2	Kjønnsfordelt lønsstatistikk.....	25
3.3	Kjønnsfordelt oversikt over heiltids- og deltidstilsette.....	27
3.4	Uttak av permisjon/tapte dagsverk pga permisjon sortert på kjønn	28
3.5	Kjønnsdelt statistikk i forbindelse med personalpolitiske satsingar.....	28
3.6	Tiltak for å fremme likestilling og hindre forskjellsbehandling.....	28
4	Etikk	29

1 Innleiing

Årsmelding for Førde kommune gjer greie for den økonomiske drifta av kommunen i 2012. Hovudbodskapen i meldinga er korleis tildelte midlar er nytta i 2012 og med ei forklaring der det er større avvik, og økonomisk status pr. 31.12.12. Vidare inneheld årsmeldinga statusoversikt når det gjeld likestilling og etikk, samt kva planar kommunen har på desse områda.

Driftsrekneskapen 2012 er avslutta med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 8,2 mill kr. Investeringsrekneskapen 2012 er avslutta med eit udekket beløp på 28,5 mill kr.

Netto driftsresultat er 4,1 % av driftsinntektene i 2012. Dersom vi korrigerer netto driftsresultat for inntekter frå mva-kompensasjon for investeringar som vert tilbakeført til investeringsrekneskapen er netto driftsresultat 0,5 %. Dette er eit svakt resultat for 2012.

Førde kommune har hatt meirforbruk i drifta i 2012 hovudsakleg innan helse/ omsorg og teknisk. Ved årsslutt utgjer meirforbruket 7,5 mill kr. Kommunen får likevel totalt sett eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 8,2 millionar kroner mellom anna på grunn av auka skatteinntekter, høgare avkastning på plasserte midlar enn budsjettert og lågare rentenivå enn budsjettert.

Budsjettrapporteringa har vore god i 2012 men meirforbruket utfordrar driftssituasjonen til Førde kommune i 2013.

Eigenkapitals- og likviditetssituasjonen er relativt god.

I tillegg til årsmeldinga er det utarbeidd årsrapportar for dei ulike sektorane i kommunen. Årsrapporten omhandlar ressursinnsats, spesielle hendingar, resultatvurdering og målsettingar for sektoren.

Til sist blir det utarbeidd eit samledokument som inneheld alle einingane sine årsrapportar, der det store aktivitetsnivået i kommunen blir synleggjort.

Rådmannen vil nytte høve til å takke alle tilsette og politikarane for samarbeidet gjennom fjoråret.

Førde, 12. mars 2013

Ole John Østenstad
Rådmann

2 Økonomisk oversyn

2.1 Driftsresultat

År		2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Driftsinntekter	mill kr	-457	-495	-546	-596	-646	-707	-758	-823	-906
Driftsutgifter	mill kr	441	484	530	587	632	689	746	811	872
Brutto driftsresultat	mill kr	-16	-11	-16	-9	-14	-18	-12	-12	-33
Korrigert for avskrivningar	mill kr	-25	-24	-27	-27	-30	-37	-39	-43	-46
Brutto driftsresultat eksl. avskrivningar	mill kr	-41	-35	-43	-36	-44	-55	-51	-55	-79
Netto finanskostnader	mill kr	23	17	23	31	62	23	30	51	42
Netto driftsresultat	mill kr	-18	-18	-20	-5	18	-32	-21	-4	-37
Netto bruk av fondsmidler	mill kr	4	12	-3	1	-6	-1	7	4	29
Rekn.mess. meir-/mindreforbr.	mill kr	-14	-6	-23	-4	12	-33	-14	0	-8

<i>Brutto driftsresultat</i>	<i>% av dr innt</i>	3,5	2,2	2,9	1,5	2,2	2,5	1,6	1,5	3,7
<i>Netto driftsresultat</i>	<i>% av dr innt</i>	3,9	3,6	3,7	0,8	-2,8	4,5	2,8	0,5	4,1
<i>Rekn.mess. meir-/mindreforbr.</i>	<i>% av dr innt</i>	3,1	1,2	4,2	0,7	-1,9	4,7	1,8	0,0	0,9

Førde kommune har eit brutto driftsresultat i 2012 på 33 mill kr (79 mill kr eksl. avskrivning). Dette er høgare enn tidlegare års brutto driftsresultat og kan i hovudsak forklarast av auka meirverdiavgiftskompensasjon på investeringar som vert inntektsført som driftsinntekt og overført til finansiering av investeringane gjennom netto bruk av fondsmidler i tabellen ovanfor.


Netto finanskostnader er redusert frå 51 mill kr i 2011 til 42 mill kr i 2012. Dette skuldast gevinst på plasserte midlar i 2012 mot tap i 2011.

Netto driftsresultat (resultat før bruk eller avsetning til fond) utgjer 37 mill kr i 2012. Dette som følgje meirverdiavgiftskompensasjonen på investeringar.

Driftsrekneskapen for 2012 viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 8,2 mill kr.

Netto driftsresultat er 4,1 % av driftsinntektene i 2012.

Grafen nedanfor viser utvikling i brutto driftsresultat, netto driftsresultat og rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk for Førde kommune i % av driftsinntekter frå 2004 til og med 2012. Brutto driftsresultat held seg stabilt medan netto driftsresultat og rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk varierer ut frå variasjon i finanskostnad der m.a. avkastning på plasserte midlar inngår.



Tabellen nedanfor forklarar rekneskapsmessig mindreforbruk i 2012.

Forklaring til rekneskapsmessig mindreforbruk:	Beløp (mill kr)
Auka skatteinntekter	-7,4
Avkastning på plasserte midlar utover budsjett	-4,5
Positivt premieavvik pensjon	-2,3
Lågare rentenivå enn budsjettert	-2,0
Meirforbruk i einingane	7,5
Sum	-8,2

Rekneskapsmessig mindreforbruk for Førde kommune i 2012 var på 8.196.747 kr.

Auka skatteinntekter, avkastning på plasserte midlar utover budsjett, positivt premieavvik pensjon og lågare rentenivå enn budsjettert tilseier eit rekneskapsmessig mindreforbruk på opp mot 16 mill kr.

Gjennom 2012 er det rapportert om meirforbruk i fleire einingar hovudsakleg innan helse/omsorg og teknisk. Ved årsslutt utgjorde meirforbruket i drifta 7,5 mill kr. Dette reduserer rekneskapsresultatet til 8,2 mill kr og utfordrar driftssituasjonen til Førde kommune i 2013.

Fleire einingar skil seg ut med større meirforbruk;

- Rådmannen - tilskot til private barnehagar og lønsoppgjer utover budsjettert ramme
- Helse og barn – barnevernstiltak
- Helsetunet (eining 2 og 3) – overbelegg og høgt sjukefråvær
- Kultur – inntektssvikt på kino og utleige av lokale og stenging av symjehall under ombygging
- Forvaltning drift og vedlikehald (FDV) - straumkostnad
- Teknisk drift - vegvedlikehald

Meirforbruket for desse einingane har i stor grad vore rapportert i tertialrapportar gjennom året og kjent både for administrativ og politisk nivå.

Dei resterande 37 einingane er nær balanse eller har eit mindreforbruk.

Oppsummert har budsjetterrapporteringa vore god i 2012 men driftssituasjonen er utfordrande.

2.2 Driftsinntekter

Driftsinntekter mill kr	Rekneskap 2011	Budsjett 2012	Rekneskap 2012	% av innt	Avvik B-R	% endr 11-12
Brukarbetalingar	-35	-37	-38	4 %	1	7 %
Andre sals- og leigeinntekter	-82	-84	-86	9 %	2	4 %
Overføringar med krav til motytingar	-153	-93	-178	20 %	84	16 %
Rammetilskot frå staten	-241	-276	-276	30 %	0	14 %
Andre statlege overføringar	-24	-19	-23	3 %	4	-2 %
Andre overføringar	-3	-3	-3	0 %	0	20 %
Skatt på inntekt og formue	-263	-272	-280	31 %	8	6 %
Eigedomsskatt	-23	-23	-23	3 %	0	1 %
Andre direkte og indirekte skattar	0	0	0	0 %	0	0 %
Sum driftsinntekter	-823	-806	-906	100 %	100	10 %

Totale driftsinntekter utgjer 906 mill kr i 2012. Dette er ein auke på 10 % samanlikna med 2011. Skatt på inntekter og formue og rammetilskot utgjer til saman 61 % av driftsinntektene til Førde kommune i 2012. Samla budsjettavvik for desse inntektskjeldene er 8 mill kr i 2012 og kjem av auka skatteinntekter.

Overføring med krav til motytingar utgjer det største budsjettavviket på 84 mill kr. Dette avviket omfattar sjukelønsrefusjon og fødselspengar på 27 mill kr, mva kompensasjon i drift på 6 mill kr og mva-kompensasjon i investering på 34 mill kr meir enn budsjettert. Refusjon frå kommunane for kjøp av IKT-utstyr og lisensar som SYS IKT forvaltar inngår i overføringar med krav til motytingar og utgjer eit budsjettavvik på 9 mill kr. Inntektene omtalt i dette avsnittet vert i mindre grad budsjettert då omfang er usikkert og inntektene tilsvarande har ein utgiftspost.

Mill kr	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Skatt på inntekt og formue	-188	-195	-222	-221	-233	-251	-271	-263	-280
<i>Endring kr frå året før</i>	91	-7	-27	1	-13	-18	-20	8	-17
<i>Endring % frå året før</i>	-33	4	14	-1	6	8	8	-3	6
Eigedomsskatt	-14	-14	-14	-21	-21	-22	-22	-23	-23
<i>Endring kr frå året før</i>	9	0	-1	-6	-1	-1	0	-1	0
<i>Endring % frå året før</i>	-41	0	5	45	3	4	0	2	1

Tabellen ovanfor viser utvikling i skatt på inntekt og formue og eigedomsskatt i perioden 2004 til og med 2012. Skatt på inntekt og formue har auka i tråd med statleg politikk. Nedgangen frå 2010 til 2011 skuldast at skatteandelen til kommunane vart justert ned ved kommuneopplegget for 2011.

Inntekter frå eigedomsskatt held seg stabilt.

Skattesatsen er uendra, og utgjer 2 promille for bustader og fritidseigedomar og 5 promille for andre eigedomar. Det er i årsbudsjett for 2013 gjennomført verdijustering av eigedomsskatten.

2.3 Driftsutgifter

Driftsutgifter mill kr	Rekneskap 2011	Budsjett 2012	Rekneskap 2012	% av utg	Avvik B-R	% endr 11-12
Lønsutgifter	433	426	460	53 %	35	6 %
Sosiale utgifter	110	121	119	14 %	-3	8 %
Kjøp som inngår i kommunal prod.	113	99	121	14 %	22	7 %
Kjøp som erstattar kommunal prod.	44	34	46	5 %	12	2 %
Overføringar	71	82	92	11 %	10	30 %
Avskrivningar	43	46	46	5 %	0	5 %
Fordelte utgifter	-3	-1	-10	-1 %	-9	312 %
Sum driftsutgifter	811	806	872	100 %	67	8 %

Totale driftsutgifter utgjer 872 mill kr i 2012. Dette er ein auke på 8 % samanlikna med 2011.

Lønsveksten utgjer den største auken. Stor interkommunal prosjektaktivitet/ samarbeidsaktivitet der Førde bidreg med ressursar og fører rekneskap forklarar og noko av auken i brutto driftsutgifter og brutto driftsinntekter.

Lønsutgifter og sosiale utgifter er størst utgiftspost og utgjer 67 % av driftsutgiftene i 2012.

Budsjettavviket på 32 mill kr for lønsutgifter og sosiale utgifter har tilsvarande motpost på inntektssida gjennom sjukerefusjon og fødselspengar på 27 mill kr.

Avvik mellom budsjett og rekneskap 2012 for kjøp som inngår i kommunal produksjon og kjøp som erstattar kommunal produksjon skuldast fleire forhold. Kjøp av IKT-utstyr og lisensar som SYS IKT forvaltar utgjer 9 mill kr. Intern fordeling av kostnadar forklarar noko av avviket.

Avvik mellom budsjett og rekneskap 2012 for overføringar gjeld i hovudsak meirverdiavgift i driftsrekneskapen som ikkje er budsjetttert og som tilsvarande har ein inntektspost på mva-kompensasjon på 6 mill kr.

2.4 Budsjettavvik

2.4.1 Budsjettavvik totalt

Driftrekneskap mill kr	Rekneskap 2012	Budsjett 2012	Budsjettavvik	Korr. reknes. -12
Driftsinntekter	-906	-806	-100	-873
Driftsutgifter	872	806	67	872
Brutto driftsresultat	-33	0	-33	0
Finansresultat netto	42	49	-6	42
Korreksjon for avskrivning	-46	-45	0	-46
Netto driftsresultat	-37	3	-40	-4
Netto fondsdisposisjonar	29	-4	32	-4
Rekn.mess mindreforb	-8	0	-8	-8
<i>Brutto driftsresultat % av dr innt</i>	<i>3,8 %</i>	<i>0,0 %</i>		<i>0,1 %</i>
<i>Netto driftsresultat % av dr innt</i>	<i>4,1 %</i>	<i>-0,4 %</i>		<i>0,5 %</i>
<i>Rekn.mess. meir/mindreforb</i>	<i>0,9 %</i>	<i>0,0 %</i>		<i>0,9 %</i>

Tabellen ovanfor viser budsjettavvik for driftsresultat i 2012.

Det er eit positivt budsjettavvik på brutto driftsresultat på 33 mill kr, eit positivt budsjettavvik på finans på 6 mill kr, og eit negativt budsjettavvik på fondsdisposisjonar 32 mill kr, slik at rekneskapsmessig resultat vert 8 mill kr i 2012.

Førde kommune har i 2012 totalt inntektsført mva-kompensasjon frå investeringar på 38,7 mill kr i driftrekneskapen. Stortinget har vedteke ei lovendring, der kommunane vert pålagt å føre den delen av mva-kompensasjon som gjeld investering i investeringsrekneskapet frå og med 2010. Det er lagt inn høve til å gjere dette over 5 år, med 20 % verknad kvart år. Førde kommune følg denne omlegginga slik vi er pålagde. Det vil seie at for 2012 er 60 % av mva-kompensasjon overført til investeringsrekneskapen samt at for enkeltprosjekt t.d. rådhuset vert 100 % av momskompensasjonen overført.

I driftsbudsjettet for 2012 er det budsjettert med 4,5 mill kr i inntekt frå mva-kompensasjon på investeringar. Meirinntekter frå mva-kompensasjon utgjer derfor 34 mill kr, der 33 mill kr av desse er overført frå drift til investering.

Justerer vi rekneskapen i 2012 for mva-kompensasjon frå investeringar som er overført til finansiering av investering på 33 mill kr, er brutto driftsresultat i stor grad i samsvar med budsjett.

2.4.2 Budsjettavvik pr. eining

Einingane har slike avvik:

Ansvar	Tekst	Rekneskap 2012	Budsjett 2012	Avvik	Rapp. avvik	Avvik %
100	Rådmann	66 474 970	64 945 074	1 529 896	2 500 000	2 %
110	Administrasjonseininga	14 000 702	14 501 973	-501 271	-500 000	-3 %
120	IKT	0	0	0	0	0 %
130	Rekneskap-skatt	6 735 692	7 145 051	-409 359	-300 000	-6 %
140	Fagutvikling og koordinering	13 831 411	14 523 278	-691 867	-700 000	-5 %
210	Førde barneskule	16 103 835	15 932 337	171 498	0	1 %
211	Halbrend skule	28 342 097	28 055 565	286 532	0	1 %
212	Karstad skule	5 170 518	4 955 276	215 242	0	4 %
213	Sunde skule	9 948 850	9 997 808	-48 958	0	0 %
214	Holsen skule	6 562 243	6 792 985	-230 742	0	-3 %
215	Frøysland skule	1 873 572	1 874 523	-951	0	0 %
216	Angedalen skule	3 845 306	4 005 377	-160 071	0	-4 %
217	Slåtten skule	23 289 980	23 062 923	227 057	0	1 %
218	Flatene skule	15 016 921	15 112 589	-95 668	0	-1 %
219	Førde ungdomsskule	24 151 171	23 648 539	502 632	0	2 %
230	Førde Norsksenter	6 832 774	6 861 956	-29 182	0	0 %
250	Kulturskulen	4 136 832	4 151 769	-14 937	0	0 %
260	PPT	5 843 114	6 043 495	-200 381	0	-3 %
270	Slåttebakkane barnehage	5 168 335	4 937 143	231 192	0	5 %
271	Halbrend barnehage	6 958 905	6 917 355	41 550	0	1 %
272	Vie barnehage	10 561 550	10 700 619	-139 069	0	-1 %
273	Sunde barnehage	5 949 256	5 778 548	170 708	0	3 %
274	Solsida barnehage	9 236 939	9 677 021	-440 082	0	-5 %
275	Førde familiebarnehage	6 011 817	6 241 902	-230 085	0	-4 %
276	Vieåsen barnehage	9 881 176	10 221 564	-340 388	0	-3 %
277	Tusenfyrd barnehage	8 841 129	8 869 361	-28 232	0	0 %
278	Hatlehaugen barnehage	5 302 052	5 684 727	-382 675	0	-7 %
279	Ytre Hafstad barnehage	6 640 785	6 801 859	-161 074	0	-2 %
310	Helse og barn	31 601 657	29 167 209	2 434 448	2 600 000	8 %
314	Kronborg ressurslage	11 136 521	10 925 171	211 350	250 000	2 %
315	Bu- og miljøtenesta	27 376 124	26 937 368	438 756	700 000	2 %
320	Legesenter og rehab	15 347 570	16 175 225	-827 655	0	-5 %
340	Psykiatritenesta	8 685 993	9 314 484	-628 491	0	-7 %
355	NAV	19 751 321	19 744 430	6 891	-500 000	0 %
372	Heimetenester	47 278 425	46 783 326	495 099	400 000	1 %
373	Kjøkkentenesta	6 700 188	7 111 177	-410 989	-300 000	-6 %
374	Helsetunet, skjerma eining	12 424 291	12 434 146	-9 855	0	0 %
375	Helsetunet, eining 2	18 537 590	17 043 770	1 493 820	1 200 000	9 %
376	Helsetunet, eining 3	20 755 617	20 050 456	705 161	700 000	4 %
500	Kultur	8 227 842	7 382 619	845 223	500 000	11 %
610	Byggesak og arealforvaltning	6 201 533	6 465 103	-263 570	0	-4 %
620	Forvaltning, drift og vedlikehald	29 402 821	28 455 608	947 213	1 200 000	3 %
650	Brann og redning	8 121 278	8 288 461	-167 183	500 000	-2 %
670	Teknisk drift	-10 757 840	-13 702 034	2 944 194	2 650 000	-21 %
	SUM EININGANE	587 502 863	580 017 136	7 485 727	10 900 000	1 %
900	Finansielle føremål	-595 699 609	-580 017 136	-15 682 473	-16 700 000	3 %
	SUM TOTALT	-8 196 746	0	-8 196 746	-5 800 000	

Tabellen på førre side viser at einingane kjem i sum ut med eit meirforbruk på 7,5 mill kr.

Kollonna rapportert avvik viser varsla avvik i budsjett rapport pr. 30.11.2012 som i sum for einingane varsla eit meirforbruk på 10,9 mill kr.

Kommentar til einingar med større meirforbruk;

- Rådmannen
 - Lønsoppgjeret total for kommunen i 2012 vart 1 mill kr høgare enn budsjettert
 - Tilskot til private barnehagar 0,7 mill kr utover budsjettert ramme
- Helse og barn
 - Meirforbruk barnevernstiltak på 2,0 mill kr
 - Meirforbruk avlastning 0,6 mill kr
- Helsetunet (eining 2 og 3) har samla eit meirforbruk på 2,2 mill kr på grunn av
 - overbelegg
 - høgt sjukefråvær
 - brukarbetaling vert inntektsført på ansvar 900 og utgjør ei meirinntekt på 1 mill kr
- Kultur har eit meirforbruk på 0,8 mill kr på grunn av
 - Inntektssvikt på kino og utleige
 - Stenging av symjehall i august – september 2012 for utbetring av ventilasjon
- Forvaltning drift og vedlikehald (FDV) har eit meirforbruk på 0,9 mill kr på grunn av
 - Meirforbruk vikar for å dekke opp for sjukefråvær
 - Vedlikehald/ byggetenester og serviceavtaler
- Teknisk drift har eit meirforbruk på 2,9 mill kr på grunn av
 - Auka kostnad vegvedlikehald/ vintervedlikehald
 - Opprydding og reparasjon etter uværet Dagmar

Kommentar til einingar med større mindreforbruk;

- Stabseiningane; administrasjon, rekneskap og skatt, SYS IKT og fagutvikling har samla eit mindreforbruk på 1,6 mill kr på grunn av
 - Vakante stillingar/sjukefråvær som ikkje har blitt erstatta
 - Mindreforbruk post/ papir/ kopiering
- Barnehagane har samla eit mindreforbruk på 1,2 mill kr på grunn av
 - Minimal bruk av vikar ved sjukdom


Totalt utgjør meirforbruket 1 % av total budsjett ramme.

Oppsummert har budsjettstyring og budsjett rapportering i 2012 vore god.

2.5 Resultatvurderingar

2.5.1 Driftsresultat og nivå

Netto driftsresultat fortel om driftsinntektene er store nok til å dekkje løpande drift samt rente og avdrag på lån. For å sikre ei sunn økonomisk utvikling over tid bør netto driftsresultat utgjere 3 % av brutto driftsinntekter. Kommunen vil då ha ein buffer for å møte uventa utgifter eller svikt i inntekter, kunne eigenfinansiert investeringar og generelt ha handlefridom og evne til å fornye og utvikle eigedomar og andre ressursar som vert brukt i tenesteproduksjonen.



I 2012 oppnådde Førde kommune eit netto driftsresultat som utgjør 4,1 % av brutto driftsinntekter, mot 0,5 % i 2011.

Dersom vi korrigerer netto driftsresultat for inntekter frå mva-kompensasjon for investeringar som vert tilbakeført til investeringsrekneskapan er netto driftsresultat 0,5 %. Dette er eit svakt resultat for 2012.

Snittet for netto driftsresultat er 2,3 % av brutto driftsinntekter for perioden 2004-2012, sjølv med 5 av åra over normnivå.


2.5.2 Finanspostar

	Rekneskap 2011	Budsjett 2012	Rekneskap 2012
Renteinntekter	0	-2 500	0
Renter frå fakturering	-120 925	-100 000	-73 916
Gevinst på finansielle omløpsmidlar	0	-7 500 000	-12 005 336
Renteinntekter	-4 801 600	-5 450 000	-4 803 782
Utbytte og eigaruttak	-5 820 992	-6 850 000	-5 803 492
Mottekne avdrag på utlån	-380 920	-100 000	-321 743
Sum ekstern finansinntekter	-11 124 437	-20 002 500	-23 008 269
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	600	0	194
Morarenter	7 539	23 000	31 421
Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	27 438 856	35 411 000	30 899 028
Tap finansielle instrument	2 453 467	0	0
Avdragsutgifter	31 507 515	33 075 000	33 855 414
Sosiallån	232 811	200 000	207 323
Sum eksterne finansutgifter	61 640 787	68 709 000	64 993 380
Netto eksterne finanskostnader	50 516 350	48 706 500	41 985 111
Korrigerings utbytte og eigaruttak	5 820 992	6 850 000	5 803 492
Korrigerings rentekompensasjon	-4 031 817	-5 557 005	-3 622 688
Korrigerings gevinst/tap finansielle instrument	-2 453 467	7 500 000	12 005 336
Netto rente- og avdragskostnad	49 852 058	57 499 495	56 171 251

Tabellen ovanfor viser samanstilling av finanspostar i budsjett/rekneskap 2012 og rekneskap 2011. Netto eksterne finanskostnader utgjer 42 mill kr i 2012 samanlikna mot eit budsjett på 48,7 mill kr. Dette gjev eit positivt avvik på 6,8 mill kr for netto eksterne finanskostnader. Det positive avviket skuldast gevinst på finansielle instrument utover budsjettet avkastning samt lågare rentekostnad. Til samanlikning utgjorde netto eksterne finanskostnader 50,5 mill kr i rekneskapen for 2011.

Inkludert i det positive avviket på netto eksterne finanskostnader, er utbytte og gevinst på plasserte midlar. I tillegg bør netto eksterne finanskostnader sjåast opp mot rentekompensasjon Førde kommune mottar for investeringar innan sjukeheim, omsorgsbustader og skulelokale. Korrigert for desse faktorane er netto rente- og avdragskostnad 56,2 mill kr i 2012. Dette utgjer eit positivt avvik på 1,3 mill kr samanlikna med budsjettet for 2012.

Lågare rentenivå utgjer eit positivt avvik på 2,0 mill kr men dette vert noko redusert grunna noko høgare avdragsutgifter enn budsjettet. Oppsummert forklarar dette det positive avviket på 1,3 mill kr for netto rente- og avdragskostnad. I vedteken økonomiplan for 2013-2016 er det teke høgde for renteauke i planperioden. Tabellen nedanfor viser utvikling i rente og avdragskostnad;




2.6 Gjeld

Langsiktig gjeld har auka med 172 mill kr frå 1013 mill kr i 2011 til 1185 mill kr i 2012. Veksten i langsiktig gjeld må sjåast opp mot stor prosjektaktivitet i 2012 ref. pkt 2.7 i årsmeldinga. Ein vesentleg del av den langsiktige gjelda vedrører VAR, sjølvfinansierte prosjekt eller lån til vidare utlån gjennom Husbanken. Gjelda er i hovudsak vanlege gjeldsbrevlån i Kommunalbanken, Klp-kommunekreditt, og lån på særskilde vilkår i Husbanken. Attståande løpetid for låna er 31 år.

	31.12.2012	%
Lån med pt rente/nibor	611	52 %
Lån med fast rente	489	41 %
Husbanklån	85	7 %
Sum langsiktig gjeld	1185	100 %

Snittrenta i 2012 var 2,6 % for flytande rente og 3,1 % inkludert fastrente.

Grafen nedanfor viser utvikling i gjeldsnivå i perioden 2000 til 2012 for Førde kommune;



Langsiktig lånegjeld er aukande. Vi har ikkje rekneskapsmessig skilt mellom lån til sjølvfinansierende prosjekt som VAR, lån til ordinære investeringar og lån til vidare utlån. For lån til VAR vil rente- og avdragskostnad bli dekkja av gebyr. Renter og avdrag for ordinære investeringar må vi dekkje over driftsbudsjettet.

Vi har og ein del lån der vi får dekkja rentekostnadene for lånet, men må sjølve betale avdraga. Det gjeld lån til vedlikehald og opprusting av skulebygg, lån til omsorgsbustader og lån til helsetunet.

I handlingsplanen har vi som mål at nye lån ikkje skal overstige det vi betaler i årlege avdrag. Dette for at gjelda ikkje skal auke. Dette bør vere eit absolutt krav for lån til prosjekt som ikkje er sjølvfinansierte.

2.7 Investeringar

HOVEDOVERSIKT INVESTERINGSREKNESKAP mill kr					
	Reknes 2011	Buds 2012	Reknes 2012	R12 - B12	R12/ R11
Sum inntekter	-24	-13	-61	-47	2,52
Sum utgifter	154	187	249	62	1,62
Sum finanstransaksjonar	58	13	78	65	1,35
FINANS.BEHOV	188	187	267	80	1,42
Sum finansiering	-180	-186	-238	-52	1,32
UDEKKA/UDISP.	8	0	29	28	3,56

Tabellen ovanfor viser at det har vore stor aktivitet innan investeringsprosjekt i 2012. Mange investeringsprosjekt går over fleire budsjett- og rekneskapsår. Prosjekt som ikkje er avslutta vert vidareført til neste års rekneskap, og rekneskapsen kan difor framstå med budsjettavvik avhengig av kor langt dei ulike prosjekta har kome. I den grad det syner seg at budsjettet for eit prosjekt ikkje held vert det lagt fram sak om tilleggsfinansiering før prosjektet vert endelig avslutta. Dersom det syner seg at eit prosjekt har vorte rimeligare enn budsjettet vert det lagt fram sak om å overføre restløyvinga til anna prosjekt som manglar finansiering.

Investeringsrekneskapsen for 2012 vert gjort opp med ein sum på 28,5 mill kr som ikkje er dekket. Det vert lagt fram eiga sak til Bystyret om finansiering av prosjekta om naudsynt. Tabellen nedanfor syner prosjekt med udekket beløp over kr 100.000,-. Når det gjeld startlån, er det manglande opplån i Husbanken som bidreg til meirforbruket.

Udekket investeringsrekneskap 2012		Rekneskap 2012
1002	Egenkapitalfond KLP	-1 170 547
1082	Riving av Fjellvegen 2009	-342 398
1080	Grunnerverv og utgraving 2009	-206 994
1063	Rehabilitering Halbrend skule	-4 479 782
1158	Tusenfryd barnehage	-869 048
1087	Gravlastar 2011	-165 000
1234	Silanlegget, ekstraarbeid 2012	-1 385 971
1142	Formidlings-/startlån	-19 839 888
SUM		-28 542 972

Tabellen nedanfor viser prosjekt med rekneskapsført kostnad over 2 mill kr i 2012. Det største enkeltprosjektet i 2012 har vore Førde Rådhus med 117 mill kr.

Prosjekt (> 2 mill kr)	Rekneskap 2012
Omsorgsbustadar ved Helsetunet 2010	18 841 674
Omsorgsbustader Steinavegen 2012	2 142 069
Rådhus hovudprosjekt 2010	10 471 684
Silanlegg Øyrane	3 042 828
Rehabilitering Halbrend skule	7 074 642
Idrettspark Hafstad kunstgrasbane	19 134 599
Meierikvartalet-veg/gangveg/fortau 2009	5 184 581
Brannbil-mannskapsbil 2011	3 112 713
Førde ungdomskule 2011	5 595 396
Elveforbygging L & N i sentrum Sør 2011	9 237 360
Bystien 2010	2 123 984
Sogn og Fjordane Kunstmuseum	18 229 844
Tusenfryd barnehage	6 869 048
Førde Rådhus byggeprosjekt	106 625 108
Sum	217 685 529

2.8 Finansplasseringar

2.8.1 Bakgrunn

I samband med retta emisjon i Sunnfjord Energi A/S fekk Førde kommune utbetalt eit eingongsbeløp på kr 73 955 200,- i år 2000. Heile summen var opphavleg sett av til fond, og 60 mill kr vart plassert i verdipapir. I tillegg plasserte Førde kommune ca 10 mill kr i verdipapirfond i samband med erstatning for tapt utbygging av Gaularvassdraget.

2.8.2 Avkastning

Statusrapport finansinvesteringar		Eining	Forvaltarar			Sum forvalta	2011	2010	2009
31.12.2012			DnB	Carnegie	Fondsforvalt.	31.12.2012			
Avkastning	Sum aktivaklassar:								
	Verdiauke totalt	mkr	4,7	5,9	1,4	12,0	-2,5	11,0	16,3
	Verdiauke totalt	%	9,6	10,4	8,0	8,8	-2,0	9,5	16,5
	Samanlikn.grunnlag/benc	%	7,1	7,5	7,0	7,2	-0,1	8,0	13,1
	Akkumulert snitt	% pa					5,3	6,1	5,7
	Pr aktivaklasse:								
	Rentepapir	%	7,4	7,2	4,6	6,4	4,8	5,3	6,1
	Samanlikn.grunnlag/benc	%	2,2	2,2	1,7	2,0	5,3	4,2	2,9
	Alternative investeringar	%						5,2	10,2
	Samanlikn.grunnlag/benc	%					-12,1	2,3	2,1
	Aksjer	%	14,9	16,6	12,4	14,6	-9,5	16,6	36,3
	Samanlikn.grunnlag/benc	%	16,1	17,3	13,9	15,8		14,4	34,5
Inv.volum og	Sum aktivaklassar:								
	Verdi totalt	mkr	53,5	62,7	19,3	135,5	123,5	126,0	115,0
	Rapportert standardavvik	%	5,4	5,4	6,9	5,9	7,4	7,6	8,7
			frå start	24 m	36 m				
	Pr aktivaklasse:								
	Renter	%	63,4	57,4	54,3	58,4	63,1	58,2	54,7
	Alternative inv	%						0,0	5,1
	Aksjer	%	36,6	42,6	45,7	41,6	36,9	41,8	40,2
	Renter	mkr	33,9	36,0	10,5	80,4	80,4	73,4	62,8
	Alternative inv	mkr						0,0	5,8
	Aksjer	mkr	19,6	26,7	8,8	55,1	43,1	52,6	46,2

Resultatet i 2012 er ei avkastning på plasserte midlar på 12,0 mill kr (8,8 %). Det var budsjettet med ei avkastning på 7,5 mill kr (6,0 %). Finansplasseringa har dermed gitt Førde kommune 4,5 mill kr i meirinntekter i driftsrekneskapen i 2012 utover budsjettet avkastning.

Alle forvaltarane våre (DnB, Carnegie og Fondsforvaltning) leverte avkastning høgare enn samanliknbart grunnlag i 2012.

80 mill kr (58 %) er plassert i rentepapir til ein avkastning på 6,4 % medan 55 mill kr (42 %) er plassert i aksjar til ein avkastning på 14,6 % i 2012.

2.8.3 Akkumulert avkastning

